

Spennande start på skulemusikk sesongen...

24.08.2007

Førstkommande tirsdag startar skulemusikken opp med øvingane etter sommarferien. Styret har gjort unna ein god del planleggingsarbeid, og det er klart at det vert ein spennande start på sesongen.



Kornettgruppa under Karmøy Brass i fjor.

Nyedirigenten, Anders Christensen, gler seg til å koma i gang med å arbeida korpset. Det er ein erfaren korpsmann, og han har klare tankar om musikkstykke som korpset skal gå i gang med. Vi har inntrykk av at han legg opp til eit repertoar med musikk som burde falla i musikantane sin smak. Vi trur det er godt håp om at skulemusikken vil få "ny vind i segla".

Allereie i september vert det ein aktiv månad. Laurdag 8. september skal trommegruppa ha ny samling med den kjende slagverkaren Frank Jakobsen frå Bergen. Det var svært vellukka sist, og trommisane har for lengst sett av denne datoен, og dei ser fram til ein ny, kjekk og lærerik dag.



Overnatting i klasserom er sosialt og populært. Frå Brassfestivalen i fjor.

Siste helga i september ber det av garde til Karmøy Brass Festival. Korpset deltok på denne festivalen for første gang i fjor, og det var i høgste grad vellukka. Både sosialt og musikalsk fekk denne samlinga høgste karakter, og omkvædet var at dette måtte korpset gjenta.

Styret håper at alle som var med i fjor held fram også dette året. – Vi håper vi ser att alle som var med i fjor blir med oss vidare. Det er ein kjempeflott gjeng! Vi gler oss veldig til å sjå dei att! seier styremedlem Kari Anne Halvorsen til uskedalen.no før ho legg til, - skulle det vera nokon som har hatt pause, som ønskjer å starta på att, må dei berre ta kontakt med meg eller ein annan i styret. Det blir vi veldig glad for! Det går og an å koma på første øving og snakka med oss då, avsluttar Kari Anne som har store forventningar til samarbeidet med både musikantane og den nye dirigenten.

Dei andre i styret er Randi G. Zimmer, Gerd Ingunn Bauge og Magni Tråvik.

Av: Thor Inge Døssland.